



Referat til møte i FAU ved Nordbygdo ungdomsskule.

Tid for møtet: torsdag 24.oktober 2019, kl.18.00 – 19.00

Stad: Nordbygdo ungdomsskule, gul base.,

Til: Jenny Sætre Skjønberg, Sigfrid Leifsen, Tori Stokke Mæhle, Kjell Inge Engevik, Einar Jakobsen, Brita Høyland, Tarald Tvedten, Margareth Simonsen Råen, Kenneth Espeland.

Fråverande:

1. Konstituert nytt FAU

Leiar: Sigfrid Leifsen Også representant SU
Nestleiar: Kjell Inge Engevik Også representant SU
Kommunalt foreldreutval: Tarald Tvedten
Skulemiljøutval: Brita Høyland

2. Sosial årsplan på trinna.

Tidlegare FAU har vedteke ein «Sosial årsplan» for trinna, der ein hadde ei felles tilskipping trinnvis. Målsettinga er å få på plass tiltak som kan styrkja miljøet på skulen – og samstundes skapa kontakt mellom foreldre og føresette til elevane ved skulen. «Klassekveldsen» skal vera med å samla inn midlar slik at ein kan gjennomføra aktiviteter for dei ulike trinna. Sjå vedlegg Sosial årsplan. Kwart trinn finn tid for sine tilskipingar..

Rektor informerte om føremålet med aktivitetane og behovet for økonomisk bidrag for gjennomføring. FAU-representantane vil kontakta sosial klassekontakt og koma fram til dato for aktivitetar. Pengar som ein evt samlar inn, kan setjast inn på konto skulen har oppretta. Marianne på kontoret har oversikt over kven som samlar inn kva.

3. Nordbygdo ungdomsskule 10 år.

Nordbygdo ungdomsskule fyller 10 år januar 2020. Dette må markerast! Innspel frå føresette? Skulen vil laga til eit arrangement i løpet av mars. Me ynskjer innspel frå føresette om dei har idear til markeringa. Elevane vil vera i fokus både i planleggingsfasen og i sjølve gjennomføringa av 10-års jubileet.

4. Info om ny organisering av opplæringa på Nordbygdo.

I samband med Fagfornyinga - og eit ynskje om å bruka skulebygget optimalt, har me byrja ein prosess der me organiserer opplæringa annleis.

Pål gjekk gjennom hovudtrekka i fagfornyinga. Læreplanane er endra og det er større fokus på færre mål. Elevane skal læra arbeidsformer som omhandlar problemløysing og oppgåveorientert samarbeid. Tverrfaglege tema og djupnelæring. Varierte arbeidsformer og fleksibel organisering av opplæringa. I åra som kjem vil ikkje elevane verta delte i tradisjonelle «klassar», men i kontaktlærargrupper. Gruppestorleik vil ligga mellom 10 og 14 elevar pr.gruppe.

5. Skuleruta 2020-2021

I skuleruta for 2020-2021 er vinterferien føreslått lagt til veke 8. Dette grunna tidleg påske.

FAU meiner det er uheldig å ha anna plassering av vinterferien i grunnskulen samelnlkna med kva dei har i vidaregåande skule. Her ligg vinterferien i veke 9. FAU ynskjer difor at Samarbeidsutvalet ved Nordbygdo ungdomsskule gjev tilbakemelding til kommunen at ein ynskjer vinterferien lagt til veke 9 i 20221.

6. Docendo.

Nytt timeplanverkty. Korleis er erfaringane hos føresette?

7. Anna.

Vedlegg:

Sosial årsplan trinna.

Adresseliste FAU og Sosialt FAU

PP om fagfornyinga.

Ref.

Pål